

Saksbehandlar: Johan J Meyer
:
Sak nr.: 2018/16007-4

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Partssamansett utval		27.11.2018

Delprosjekt 11.8 Administrativ organisering av Vestland fylkeskommune - nokre grunnprinsipp

1. Samandrag

Prosjektleiari har behov for å legge føringar for den administrative organiseringa av Vestland fylkeskommune. Ei gruppe har levert ei vurdering som prosjektleiari vil leggje fram for PSU til uttale før prosjektleiari saman med fylkesdirektørane planlegg den vidare organiseringa.

Prosjektleiari rår Partssamansett utval til å gjere slikt vedtak:

1. Partssamansett utval tek utgreiinga knytt til delprosjekt 11.8 til orientering

SAKSFRAMSTILLING

Introduksjon

Basert på innspel med omsyn til administrativ organisering som prosjektleiari drøfta med dei tillitsvalde i møtet torsdag den 13.09.2018, har ei gruppe bestående av personalsjef i Sogn og Fjordane fylkeskommune, HR-sjef i Hordaland fylkeskommune og prosjektkoordinator i HR i VLFK arbeidd ut forslag til modell for organisering. Gruppa har òg drøfta nokre grunnprinsipp som må ligge til grunn ved organisering i nye Vestland fylkeskommune. Gruppa har levert følgjande vurdering:

Grunnprinsipp

- maksimalt 5 leiarnivå
- stillingsnemning samanfallande i organisasjonen
- færrast mogleg stillingsnemningar
- stillingsnemning knytt til ansvar og oppgåver

Kontrollspenn

Kontrollspenn er eit mål for storleik og mynde for eit ansvarsområde for ein leiar. Til dømes kan dette gjelde tal på underordna. I Jacobsen & Thorsvik (2007:75) kjem det fram at Henri Fayol peiker på at ein leiar «*vanskeleg kan ha oversikt over meir enn seks til åtte personar, maksimum tolv*». Store kontrollspenn gjev ein såkalla «flat» organisasjon med få avgjerslenivå. Små kontrollspenn gjev ei høg organisasjonspyramide med mange avgjerslenivå og lange tenesteveggar. Blir kontrollspennet for stort kan overordna styring og samordning verta vanskeleg. I Hordaland fylkeskommune er kontrollspennet i dag på opptil 45 – 50. Vår tilråding er at kontrollspennet i Vestland fylkeskommune ikkje bør overstige 20-25 tilsette per leiar.

Tal leiarnivå i lina

Når det gjeld organisering av lina, er vår vurdering at lineorganiseringa kan variera avhengig av kva område ein ser på. Vi har landa på at lina prinsipielt kan verta organisert som ein modell med maksimalt fem nivå inkludert fylkesrådmann og ned til leiar på nedste nivå.

Nemning på mellomleiar-nivå

Stillinga si nemning bør vere samanfallande på dei ulike nivåa for å sikre ein gjennomgåande likskap knytt til fullmakt, ansvar og oppgåver og ei gjenkjenning av ei stilling uavhengig av område.

Vi har plassert inn leiarnivåa i ein tabellstruktur. Tabellen syner ulike leiarnivå i nye Vestland fylkeskommune kopla opp mot nivåa i hovudtariffavtalen kap. 3.4. Vi nyttar titlane fylkesdirektør (nivå 2), sjef (nivå 3) og leiar (nivå 4), for å skapa ein regularitet i ansvar, fullmakter og arbeidsoppgåver – uavhengig av kvar ein arbeider i organisasjonen.

Nivå etter hovudtariffavtalen kap. 3.4	Nivå	Fullmakter	Stab	Avdeling	Opplæring	Tannhelse
3.4.1	1	Budsjett Personal Fag	Fylkesrådmann			
	2	Budsjett Personal Fag	Fylkesdirektør	Fylkesdirektør	Fylkesdirektør	
3.4.2	3 / 4	Budsjett Personal Fag	Sjef	Sjef	Sjef Rektor	Sjef tannhelse Sjef tannhelse distrikt
3.4.3	5	(Budsjett) Personal Fag	Leiar	Leiar	Leiar	Leiar

Vi har lagt vekt på leiarperspektivet og i liten grad den utdanningsfaglege bakgrunnen ved innplassering (titlar) i leiarstillingar. For å oppnå færrest mogleg stillingsnemningar, og mest mogleg likskap på tvers av organisasjonen tilrår vi å nytte følgjande nemningar og nivåinndeling:

- **Nivå 1:** Fylkesrådmann
- **Nivå 2:** Fylkesdirektør
- **Nivå 3:** Sjef
- **Nivå 4:** Rektor
- **Nivå 5:** Leiar

Uttale frå tillitsvalde

Saka var behandla i info/drøft-møte den 19.11.18. De tillitsvalde ga slik uttale; «Kulepunkt 5 om at ein *vektleggje leiarperspektiv og erfaring framfor utdanningsbakgrunn* bør takast ut som grunnprinsipp.

Tannlegeforeningen er bekymra for at fylkestannlegen ikkje er 3.4.1 leiar i ny modell og vidare at klinikkleiarar blir flytta frå 3.4.2 leiar til 3.4.3 leiar.»